

Høyring av verneplan for skog

Forslag til vern av Opsaljuvet naturreservat

i Hjartdal kommune



Frodig høgstaudekog i Opsaljuvet.

Foto: Stefan Olberg

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark - november 2019

Innhold

side

1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang.....	4
5. Verneplanen sitt omfang.....	7
6. Faktaark	8
7. Forslag til verneforskrift	11

Vedlegg: Vernekart

1. Bakgrunn

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag om vern av Opsaljuvet naturreservat i Hjartdal kommune.

Bakgrunnen for verneforslaget er eit tilbod om frivillig vern frå to grunneigarar i området. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2008 og det er dokumentert verdiar som kvalifiserar for vern etter naturmangfoldloven. Jf. kapittel 6. med nærare skildring av området.

Forhandlinga om erstatningsoppgjøret og avtale om pris på det tilbudte området vil bli slutført parallelt med høyringa.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane fylkesmennene tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Fylkesmannen forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Fylkesmannen forslag til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller

e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang

MELDINGSFASEN

Formell oppstart på verneplanarbeidet vart meldt 26. mars 2019. Det kom inn følgjande merknader:

Riksantikvaren (e-post dagsett 28.03.2019) viser til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar difor ikkje saka.

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 01.04.2019) uttalar følgjande:

«Som høringsinstans for forslag til opprettelse av nye naturreservat, ønsker vi å gi noen generelle innspill til verneprosessen.

Grundige områdebeskrivelser

Av høringsdokumentene må det tydelig framkomme om og i tilfelle hvordan det aktuelle området nyttes i landbruksammenheng. Dersom det er landbrukshensyn i området som ikke ivaretas i utkast til forskrift, ber vi om at det begrunnes i høringsdokumentene.

Typiske landbruksinteresser kan være (listen er ikke uttømmende):

- o Skogsbilvei som er nødvendig for skogbruk på bakenforliggende arealer*
- o Traktorvei i forbindelse med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrift*

Utforming av verneforskrift

Dersom det går veier/ferdselsårer gjennom verneområdet, må fylkesmannen vurdere om det kan gis bestemmelser om merking, rydding og vedlikehold av disse. Det bør legges til rette for drift og vedlikehold av eventuelle støl-/seterområder og åpnes for andre tekniske tiltak som bidrar til en landbruksmessig utnyttelse av området. Dersom slike tiltak ikke er ønskelig innenfor verneområdet, må det gis en faglig begrunnelse for dette i høringsdokumentene.

Beitebruk vil være aktuelt i mange områder som foreslås vernet som naturreservat. Det bør derfor vurderes om forskriften kan åpne for dette. Hvis ikke, må det redegjøres for hvorfor i høringsdokumentene. Dersom det åpnes for beiting i området bør det også utarbeides bestemmelser for utsetting av saltsteiner og oppføring/vedlikehold av gjerder og sanketrøer.

For alle tiltakene over må det vurderes om det kan gis bestemmelser om motorferdsel i forbindelse med tiltakene. Det bør gis generelt unntak fra ferdselsbestemmelsene i forbindelse med uttransportering av syke og skadde bufe.

Vi forutsetter at fylkesmannens landbruks- og reindriftsfaglig kompetanse involveres i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også være nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltningen i arbeidet.»

Statens vegvesen (brev dagsett 16.04.2019) har ingen merknader til planarbeidet.

Bane NOR (brev dagsett 24.04.2017) uttaler at planområdet ikkje rører ved jernbanen sine interesser, og dei har difor ingen merknader til planarbeidet.

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 26.04.2019) uttaler følgjande:

«DMF er startens fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralressurser, og har et særlig ansvar for at mineralressurser blir tatt hensyn til i plan-, utbyggings- og verneprosesser. Mineralressurser er ikke-fornybare naturressurser og en langsiktig forvaltning av disse ressursene er derfor viktig. Om ressursene blir bygd ned eller gjort utilgjengelig på annen måte, er de i mange tilfeller utilgjengelige i all framtid. Mineralressurser representerer store verdier. Utvinning av denne typen ressurser gir grunnlag for annen næringsliv. DMF er i denne sammenheng opptatt av at mineralressurser som har eller kan ha verdi ved uttak og utnytting, blir tatt hensyn til i verneprosessen. Vern kan i tillegg til å gjøre mineralressurser utilgjengelig innenfor selve verneområdet også medføre arealrestriksjoner utenfor verneområdet, også på denne måten legge avgrensninger eller føringer for uttak av mineralressurser utenom verneområdet.

I følge kartdatabasen fra Norges geologiske undersøkelser (NGU) er det ikke registrert viktige mineralressurser innenfor verneområdene. DMF har derfor ingen merknad til forslag om opprettelse av vern på Opsaljuvet, Tjågå, Rupefjell-Selslinatten, Røsaker og Rollagåsen.

Om ny kunnskap i framtiden viser at det fins viktige forekomster av mineralske ressurser i verneområdet, må eventuelle uttak av disse forekomstene vurderes konkret i hvert enkelt tilfelle ut i fra den generelle dispensasjonsbestemmelsene i naturmangfoldloven §48. Denne lyder: "Forvaltningsmyndighetene kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig".»

Språkrådet (brev dagsett 06.05.2019) uttaler følgjande:

*«Sentralt stadnamnregister (SSR) har registrert Opsaljuvet som einaste godkjente skrivemåte for naturnamnet. Gardsnamnet som utgjer forleddet, har dei godkjente skrivemåtene Opsal (tilrådd) og Oppsal. Norske Gaardnavne har uttalen /u`ffsæL/ og forklarar namnet som norrønt *Uppsalir. Heradsregisteret (1946) har uttalane /u`ppsæl/ og /u`ffsæL/ og merknaden «Det er så mange ufser på garden».*

Sidan opplysningane i Norske Gaardnavne tilseier skrivemåten Oppsal, medan opplysningane i heradsregisteret kunne opne for ein anna skrivemåte, har vi bedt Kartverket om å reise formell namnesak på desse namna for å få avklart og fastsatt skrivemåten. Fylkesmannen må

vente til det er gjort vedtak i den formelle namnesaka før skrivemåten av namnet på naturreservatet kan fastsetjast.»

Forsvarsbygg (brev dagsett 08.05.2019) uttalar mellom anna følgjande: « *I de øvrige områdene i denne oppstartsmeldingen har ikke Forsvaret eiendommer eller særskilte arealbruksinteresser. Vi ber imidlertid om at det generelle unntaket for militær operativ virksomhet og unntaket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy inntas i forskriftstekstene for alle områder.»*

NVE (brev dagsett 15.05.2019) uttalar følgjande:

«NVE har gjennomført en vurdering av de foreslåtte områdene. I flere av områdene finnes det eksisterende kraftlinjer. Statnett, samt områdekonsesjonærene Hjartdal Elverk, Glitre Energi Nett, Notodden Energi og Tinn Energi står på adresselisten. Vi forutsetter at de uttaler seg om sine behov knyttet til eksisterende og fremtidige prosjekter. Skagerak Energi står på adresselisten til oppstartsmeldingen, men vi ber om at også Skagerak Nett og Skagerak Kraft blir satt på høringslisten.»

Standardbestemmelser knyttet til drift, vedlikehold og oppgradering av kraft- og energianlegg bør inkluderes i verneforskriftene til Opsaljuvet, Rupefjell-Selslinatten og Tjågå. Hydro Energi og Skagerak Kraft har kraftverk som blir berørt av verneforslagene. Hydro Energi står ikke adresselisten til oppstartsmeldingen. Vi ber om at de settes på høringslisten, slik at de får mulighet til å uttale seg.

Opsaljuvet, Hjartdal kommune

NVE kan ikke se at opprettelsen av reservatet er i konflikt med eksisterende energi- eller kraftinteresser. Vi kjenner til planer om mulig oppgradering av 22 kV distribusjonsnett mellom Hjartdøla og Tuddal, men dette er noe Hjartdal Elverk kan uttale seg nærmere om. Det er vanskelig å si om det foreslåtte verneområdet vil ha noen konsekvenser for disse planene. Vi ber likevel om at standard betingelser knyttet til drift, vedlikehold og oppgradering av energi- og kraftanlegg inkluderes i forskriften. I § 4(generelle unntak fra vernereglene) ber vi om at følgende formulering blir inkludert:

- *Drift og vedlikehold, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall, på eksisterende energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.*

Hjartdal Elverk AS er områdekonsesjonær, og de står på adresselisten. Vi forutsetter at de uttaler seg om sine behov knyttet til eksisterende og fremtidige prosjekter.»

Uttalen er vedlagt lenke til kart over området i NVE Atlas.

FYLKESMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjelder uttalen frå Landbruksdirektoratet, så kan vi opplyse at området som er omfatta av framlegget til vern ikkje har vegar eller støl/seterområde, men skulle det vera aktuelt med beitedyr her er det tatt høgde for det i verneforskrifta, jf. § 4d og g, § 6b, 7d, f og h.

Sidan Språkrådet, uttaler at naturnamnet Opsaljuvet som vi har bruka, er godkjent i Sentralt stadnamneregister (SSN), ser vi ikkje grunnlag for å utsette verneplansaka i venting på ei namnesak slik Språkrådet ber om. Skulle namnesaka føre til eit anna resultat, så får vi eventuelt endre namn på

verneområdet i etterkant. Av omsyn til grunneigarane som har tilbode område for frivillig vern, så er det viktig at sakshandsamingstida vert så kort som mogleg.

Forsvarsbygg peiker på at ein ønskjer unntak i verneforskrifta for militær operativ verksemd og for landing og start med Forsvaret sine luftfartøy. Fylkesmannen har tatt dette inn i forslaget til verneforskrift. Jf. § 6 pkt. a og d.

NVE ber spesielt om at standardreglane knytt til drift, vedlikehald og oppgradering av energi- og kraftanlegg vert tekne med i forskrifta, sjølv om verneforslaget i dag ikkje inneheld eksisterande kraftliner. NVE bed difor om at eit eige punkt vert teke med i § 4 i verneforskrifta.

Ein viser elles til Hjartdal Everk AS som områdekonsesjonær, og som står på vår adresseliste. NVE legg til grunn at dei uttalar seg om sine behov knytt til eksisterande og framtidige prosjekt.

Fylkesmannen har ikkje fått noen uttale frå Hjartdal Everk AS i meldingsfasen, og vi tolkar det difor slik dette slik at det ikkje kjem i konflikt med Everket sine interesser. Vi vil elles syte for at Hjartdal Everk AS vert part i høyringsprosessen.

Sidan verneplanforslaget så langt vi kan sjå ikkje omfattar eksisterande kraftliner eller andre kraftanlegg, ser vi det ikkje som relevant å ta inn føresegner om energi- og kraftanlegg i verneforskrifta.

Vi tek med Hydro Energi, Skagerak Nett og Skagerak Kraft på adresselista slik som NVE har bede om.

VIDARE SAKSHANDSAMING

Verneforslaget med nærare omtale av området, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift vert no sendt på ei felles sentral og lokal høyring med frist **24. januar 2020**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av forslaget til vern.

Etter høyringa vil Fylkesmannen kommentere eventuelle uttaler og utarbeide ein tilråding om vern til Miljødirektoratet. Direktoratet vil så lage innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding vert gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

5. Verneplanen sitt omfang

Navn	Gnr./bnr.	Kommune	Areal i daa anslag	Verneverdi
Opsaljuvet naturreservat	33/1 og 2, 36/1	Hjartdal	159	Regional (**)

6. Faktaark

LOKALITET:	Opsaljuvet
KOMMUNE:	Hjartdal
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	159 daa
HØGDE OVER HAVET:	411-781 m o.h.
AKTUELLE EIEGDOMAR:	Gnr./bnr. 33/1 og 2, 36/1

OMRÅDESKILDRING

Lokaliteten er ei bekkekløft som ligg i ein sørvendt skråning, omlag 3 km vest for Hjartdal sentrum og rett nord for Gvammen i Hjartdal kommune. Opsaljuvet ligg mellom 410 og 770 m o. h. Bekkekløfta har lite utvikla kløftepreg, då den er forholdsvis grunn og omlag 1 km lang. Dette fører til liten variasjon mellom dalsidene, men rikdomen varierar og minkar gradvis til høgare opp ein kjem. Lokaliteten ligger på kvartsittgrunn dekt med tykke morenemasser.

Vegetasjonseksjon: O1-Svakt oseanisk, vegetasjonzone: Sørboreal 50% og mellomboreal 50%.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Øvre delar av lokaliteten er dominert av fattig blåbærgranskog med mykje bjørk og noko osp i tresjiktet. Vegetasjonen går fleire stadar over i småbregneskog. Rogn og hegg finst og, med mellom anna blåbær, skogstorkenebb, gaukesyre og skogburkne i feltsjiktet. Noko lengre ned blir skogen eldre med ein del grov osp (50 cm diameter i brysthøgde), eldre gran (80 cm), gråor, selje og bjørk (40 cm) i tresjiktet og teiebær, turt, torhjelm, kvitsoleie, tepperot, firkantperikum, skogstjerneblom, firblad, raud jonsokblom og vendelrot i feltsjiktet. Her går vegetasjonen gradvis over i svært frodig, men svakt sjikta høgstaudebjørkeskog med ein del gran. Denne vegetasjonen dominerer ned mot dei midtre delane av lokaliteten. Stadvis er det mykje strutsevang. Frå midten og nedover er det rikt med til dømes trollbær, ein god del blåveis, markjordbær, maigull, hengeaks, skogsvinerot og kranskonvall i feltsjiktet.

I nedre delar av Opsaljuvet kjem edellauvtre som alm (NT), ask (VU), hassel og spisslønn inn, og gråor-almeskog overtek med mykje gamal gråor og fleire forholdsvis grove tre av alm. Einskilde tre av gran finnest spreidd, men desse er yngre enn lengre opp i juvet. Skogen øvst i lisida blei ikkje synfart, men ein reknar med at rik lågurtgranskog kan koma inn her. Element av denne vegetasjonstypa finn vi att i juvet. Nokre større steinblokkar finst i juvet og eit par mindre bergveggar. Bekken er liten og kan nok i tørre periodar turke helt inn.

Granskogen er forholdsvis einsjikta, 80-120 år gammal, med ein del lite nedbroten daud ved. Eldre daud ved av gran er det sparsamt med og det indikerer eit brot i daudvedkontinuiteten. Lauvskogen har ein god del ferskare læger og noko gadd, og av større dimensjonar. Dei øvre delane ser ut til å ha vore mindre kulturpåverka enn den nedre delen, sjølv om det her og har vore gjennomhogd. Gråor og alm er vanlege treslag med grove dimensjoner og det er mykje daud ved av gråor. Gråorskogen er gamal langs bekken, opp mot 40 cm diameter i brysthøgde, og einsjikta. Oppover lisidene i nedre del og lengre opp i kløfta er trea yngre og framleis einsjikta. Dei nedre delane av området ber preg av kulturpåverknad i lang tid, noko som speglast i skogstrukturen. Den nedste delen av lokaliteten kan sjå ut til å vera beita i tidlegare tider, og var truleg tidlegare eit viktig utmarksbeiteområde. Dette ser ein og i den noko yngre skogen som omkransar dei eldre almetrea og i mangelen på godt nedbrotne læger.

VERNEINTERESSER

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» arter omtala. Det er arter som er sjeldne og som er gjevne ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå Raudlista 2015 frå Artsdatabanken. VU = sårbar, NT = nær truga, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær truga».

Edellauvtre som alm (NT), ask (VU), hassel og spisslønn dominerer i nedre del, med mykje gamal gråor og fleire forholdsvis grove tre av alm med mellom anna kystårenever. Signalartene stiftfiltlav og skjellglye blei funne på osp, elles var epifyttfloraen forholdsvis dårleg utvikla på lauv, delvis på grunn av mykje ung skog. Kombinasjonen av god soleksponering, rike lausmassar og høg fuktigheit i lokaliteten gjer derimot potensialet for ein artsrik og frodig flora godt. Både markbuande sopp og epifyttiske lav burde ha gode leveforhold. Raudlistearter rynkeskinn (NT) og rosenkjuke (NT) blei funne på ein granlåg i kjerneområdet, men det var lite gran i nedre delar og førekomsten av desse to raudlistearter må sjåast på som ein restførekomst.

Variasjonen i vegetasjonstypar vert vurdert som god, med dominans av rike typar som småbregneskog, høgstaueskog, gråor-heggeskog og alm-oreskog. Noko innslag av blåbærgranskog finst i øvre delar og sannsynlegvis langs kanten av juvet i øst. Opsaljuvet manglar bekkekløft-elementet fossefall og bergveggar er dårleg utvikla.

Som viltområde er truleg Opsaljuvet av regional interesse som hekkeområde for fugl. Området kan eigne seg godt som leveområde for fleire raudlista spettearter, mellom anna dvergspett (VU) og kvitryggspett (VU). Opsaljuvet er ei svært frodig lita bekkekløft med ein god del daud ved og med rik og variert vegetasjon. Kombinasjonen av god solinnstråling og svært frodige tilhøve gjer lokaliteten spesiell.

I høve til mangelanalyse for skogvern (Framstad et al. 2002, 2003) fyller Opsaljuvet generelle manglar på ”rike skogtypar”. Av spesielle skogtypar inngår ”gråor-heggeskog”, ”lågurtgranskog”, ”høgstaueskog” og ”gråor-almeskog”.

FØREMÅL

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av rike skogtypar som gråor-heggeskog, lågurtgranskog, høgstaueskog og gråor-almeskog.

Området har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av førekomst av sjeldne og truga lavararter.

ANDRE INTERESSER

Ikkje kjent.

TEKNISKE INNGREP

Grusveg i nord og i vest grensar på einskilte plasser opp mot området. I vest og i sør ligg det nokre bygningar rett utanfor området. Ei kraftlinje går langs kløfteryggen i øst, men dette er godt utanfor foreslått verneområde

PLANSTATUS

Arealet er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

MERKNADER
Ingen merknader.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Navn	Total-areal	Produktivt areal i daa anslag				Tilvekst	Volum
		daa	H	M	L		
36/1, teig 1	16,8	16,8			16,8	1,0	594
33/1, teig 1	9,4		9,4		9,4	0,64	335
33/2, teig 2 og 3	132,6	34,2	94,3	4,2	132,6	0,48	3415
Sum	158,8	51,0	103,7	4,2	158,8		4344

(Data levert av AT Skog)

LITTERATUR

Olberg S., Reiso S. 2009. Naturverdier for lokalitet Opsaljuvet, registrert i forbindelse med prosjekt Bekkekløfter 2008. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.

Opsaljuvet, direkte link: <http://borchbio.no/narin/?nid=4877>

7. Forslag til verneforskrift

KOMMENTARAR TIL NOKRE AV FØRESEGNENE

Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement er omlag 30 deltakarar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om løyve, og då kan forvaltningsstyresmakta vurdere dette i høve til § 7 pkt. d.

Motorferdsel

Motorferdsel er forbode etter § 5 pkt. a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7.

I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdsselsvegar.

Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 pkt. a til rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdsselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stigar ein ikkje har kjent til ved vernet. Det vil normalt vera aktuelt med løyve over fleire år.

Bålbrenning

Sentrale miljøstyresmakter ønskjer ikkje brenning av bål i mindre reservat (under 700-1000 daa) Det er difor lagt opp til forbod mot brenning av bål og bruk av grill i Opsaljuvet, jf. § 3e.

Forslag til forskrift for Opsaljuvet naturreservat, Hjartdal kommune, Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av rike skogtypar som gråor-heggeskog, lågurtgranskog, høgstaudeskog og gråor-almeskog.

Området har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av førekomst av sjeldne og truga lavararter.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.: Hjartdal: 33/1, 33/2 og 36/1.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på om lag 159 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokkdatert Klima- og miljødepartementet ... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Hjartdal kommune, hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen foreta seg noko som vil skade verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Området er verna mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert forureining, dumping av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

- e) Bålbrenning og bruk av grill er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Beiting.
- e) Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- f) Utsetjing av saltsteinar.
- g) Forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med jakt på storvilt.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og taka omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy
- b) Sykling, bruk av hest og kjerre og ridning er forbode.

§ 6 Generelle unntak frå reglane om ferdsel

Reglane om ferdsel i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Reglane om ferdsel i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før transporten tek til.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7 Unntak det kan gjevast løyve til

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- b) Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar og gamle ferdselsvegar.
- c) Hogst av etablerte plantefelt.
- d) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 d.
- f) Øvingskøyring for føremål nemnd i § 6 første ledd.
- g) Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre luten b.
- h) Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- i) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 f og § 7 a, c, d og h.

§ 8 Generelle reglar for dispensasjon

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Iverksetjing

Denne forskrifta tek til å gjelda straks.

Vedlegg: Vernekart